

NVE
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO.

Sendt digitalt til: nve@nve.no.

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Arkiv:	Sakshandsamar:	Dato:
					5/6-2013

Vedkomande konsesjonsøknad for Høgelida Kraft AS. Reg. nr. 5782 , saksnr. 200902797.

Kommentarar til innkomne merknader.

Sogn og Fjordane Energi: Vi konstaterer at eksisterande høgspennnett har kapasitet til å take i mot krafta frå Høgelida og satsar på samarbeid med SFE Nett om høgspenn delen av anlegget. Langs planlagt kabeltrase frå stasjon til eksisterande 22 kV nett ligg det fleire hytter der eksisterande luftlinjer med fordel kan leggest i bakken. Vi føreset kostnadsdeling i tilfelle.

Sogn og Fjordane Turlag: Merknaden har ei mengde generelle synspunkt. Av ting som kan vere aktuelle for Høgelida har vi følgjande kommentarar: Det vert påstått at ved nedgraven rørgate i skogsbiletet, der skogen ikkje får lov å vekse opp, vil vedvare i all tid kraftverket er i drift. Dette er positivt feil for Høgelida. Høgelida kraft AS legg opp til at stadeigen skog skal vekse til i rørgatetraseen og det vil såleis etter få år ikkje vere råd å sjå i skogsbiletet kvar rørgata går.

Vi kan ikkje sjå at verket vil vere til ulempe for friluftssinteressene. Utanom traktorvegen er det ingen ferdsel langs den råka elvestrengen. For at anlegget skal vere til minst mulig sjenanse er det planlagt tiltak som støydemping av stasjon, kamuflasje av demning og anlegg utanfor brukte stiar. Registrert bruk av området til friluftsliv er bruk av traktorvegen både sommar og vinter. Mellom inntaket og kraftstasjonen finst det i elva småkreder, 10 – 12 cm lange. Desse har lita fiskeinteresse. Småkredene, saman med andre mikroorganismar, vert sikra ved føreslegen minstevassføring. Anadrome fiskeslag kjenner ikkje dei fastbuande, som har fiska i vatna og elvane i området gjennom årtier er fanga i Movasselva ovanfor Haugavatnet. Installering av omlaupsventil vil ha svært lita effekt då elva er flat med stillestående parti nedstrøms stasjonen til Haugavatnet utan fare for uttørking. Vi har vurdert ein slik ventil å vere uturvande.

Vurderingane bak føreslegen minstevassføring viser vi til søknaden og held på denne. Når det gjeld bergrunnen i elvestrengen bør ein halde seg til Bioereg AS sine vurderingar. Søkar si skildring er meir eit landskapsmessig uttrykk, og er ikkje tufta på bergrunnen i elvestrengen.

Utforming av demning og køyremønsteret av stasjonen vert lagt opp til å ta maksimale omsyn til storlomen. Reint faktisk vil tilhøva for denne bli betre etter utbygging.



Vågsøy Kommune: Det vert etterlyst betre dokumentasjon av kulturminna i utbyggingsområdet. Stølen Høgelida, som ligg i utkanten av rørgatetraseen, er opplyst av lokalkjende folk å vere bygt på denne staden på 1920 – 30 talet. Tidlegare hadde Maurstad støl litt lenger nede i dalen ved sidan av riksvegen. Det er såleis ikkje ein gamal støl. Stølsområdet er delt i to med stor høgdeskilnad i mellom. Den nedgravne rørgata vil gå nærme husa på den nedste og minste delen, og vil ikkje vere til ulempe for dei. Det står to hus her og eit heilt i ruinar der forfallet er totalt. Dei andre er i betre stand men ser lite brukt ut. Rørgata er planlagt og følge eit lite dalsøkk på området som er vist som mulig hyttefelt etter kommuneplanen. Vi kan ikkje sjå den vil vere til ulempe for eventuelle nye hyttebygg. Omfanget av massetaka er usikkert og avhengig av om massen kan nyttast som rørsand eller ikkje. I alle fall vil det vere bruk for morenemasser til forlenging og vedlikehald av traktorvegen. Det kan dreie seg om lag 500 m³. til saman. Som omtala i søknaden vil uttak av masser som vist medføre at ras-skråningane langs traktorvegen vil bli avrunda og tildekka med jordmasser.

Gangbrua ved utløpet av Movatnet er om lag 30 år gamal. Der var ikkje noko bru eller brukar frå før. Oppmuringa av brukara, lysopning om lag 180 cm. , førte til høgre flaumtoppar i Movatnet, der vatnet renn over nordre brukar ved flaum. Av omsyn til jamn vasstand i hekketida for storlomen, er det planlagt å auke lysopninga til det doble, meir i takt med den opphavlege situasjonen i elva på staden før brua kom. Dette ved å flytte det eine brukaret og nytte same mursteinen i det flytta brukaret. Brubjelkane og rekkverket må forlengast tilsvarande i same stil, og namneskiltet flyttast. Vi kan ikkje sjå kulturverdien vil bli svekka ved dette tiltaket.

Anleggstraseen vil bli lagt slik ein tek omsyn til vegetasjonsbeltet lang elva der slikt finst. På eit par punkt i nedste delen, der traktorvegen kjem nær elva, vil røra bli lagt i eller nær denne. Ved inntaket, der vegetasjonen er mindre buskar og lyng, vil ein også måtte kome nær elva. Etter igjen-groing kan vi ikkje sjå dette vil gje nemnande skade.

Minstevassføring som tilsvarar alminneleg lågvassføring er føreslege.

Predatorsikre reirkasser for fossefall vil bli gjennomført.

Anleggsarbeida i inntaksområdet vil bli lagt utanom klekketida for storlom.

Naturvernforbundet i Sogn og fjordane: Også denne merknaden inneheld ei lang rekke generelle synspunkt. For Høgelida Kraft spesielt er følgjande forhold trekt fram: Naturvernforbundet tilrår alternativ 2, med tiltak for storlomen, som samsvarar heilt med hovudalternativet det er søkt om. Traktorvegen til Høgelida er allereie stengt med låst bom og det vil også gjelde for forlenginga av vegen til inntaket som vert bratt og lite brukt og vil fort vil gro til med stadeigen vegetasjon. Tiltak med reirkasser for fossefall vil bli gjennomførte.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane: Lokalkjende som i eit langt liv har vore ivrige fiskarar i vatna og elvane i området er ikkje kjende med at det går anadrom fisk opp i Movassselva frå Haugavatnet. Det er lokalt ukjent at Movassselva på denne strekninga skulle vere oppvekststad for yngel av anadrom fisk. Det same gjeld også for elvemusling. Dette er grunnen til at desse tilhøva ikkje er granska nærmare. Lokalkjende kjenner til førekomst av elvemusling i elva nedanfor Navevatnet og anadrom fisk i vatnet. Sjølv om forholda kan synast å ligge til rette for oppgang til Movassselva, har anadrom fisk av ein eller annan grunn ikkje valt å ta denne vegen. Mellom Haugavatnet og Movassbrua på Rv 61 er elva bortimot flat med stillestående myrholkulpar som ikkje tørkar ut. Frå brua til tenkt stasjonsplassering er det berre kort elv. Eventuell småfisk her vil kunne greie seg ved minstevassføringa. Installering av omlaupsventil har vi derfor vurdert å ha liten positiv verknad. Vi held fast på denne vurderinga.



Flytting av stasjonen til ovanfor vandringshinderet, frå om lag kote 133 til antatt kote 162, vil svekke produksjonen med om lag 15 % utan at byggekostnadane går ned tilsvarande. Søkjar tykkjer dette er eit svært sterkt inngrep i prosjektet på eit svakt faktisk grunnlag.

Energipotensialet i vassdrag med inngrep vert ikkje då utnytta optimalt. Ingen har sett eller påvist på denne elvestrekninga anadrom fisk som endringa vil verne om. Vi tillet oss å nemne at ved større utbyggingar pålegg Industrikonsesjons- og vassdragsreguleringslova å vurdere optimal utnytting av vassdrag det vert gjort inngrep i. Liknande tankegang bør også gjelde ved småkraftutbyggingar. Primært ønskjer søkjar og halde på føreslegen stasjons-plassering. Sekundært vil ein etter vår vurdering oppnå om lag same verknad ved å flytte stasjonen opp til vandringshinderet, og ikkje oppom. Dette antar vi ligg på ca. kote 145.

Hekkekasser for fossefall vil bli installert.

Når det gjeld landskap og friluftsliv vil inngrepa i byggetida etter få år gro til og ikkje vere synlege og slett ikkje frå fjorden og Hornelen som ligg mange kilometer unna. Heile anleggsområdet er i ferd med å gro til som ein skogadal. Skoggrensa kryp høgare for kvart år. Stasjonen vil bli utført med støydempende tiltak og haldast innanfor gjeldande reglar.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal: Av omsyn til klekkesida for storlomen føreset fylkesmannen at vasstanden blir halden stabil frå 1. mai til 1.august. Sidan storlomen sine ungar går på vatnet like etter klekking og normalt ikkje går tilbake til reiret, burde det halde med ein litt meir fleksibel sluttdato. Til dømes følgjande tekst. «Vasstanden skal haldast stabil frå 1. mai til ein ser storlomen sine ungar er på vatnet, og seinast til 1. august.»

Vanylven Kommune: Over telefonen har vi i dag fått opplyst at Vanylven Kommune sine merknader, vedtekne i går i planutvalet, for Høgelida Kraft AS sin del gjeld generelle kommentarar om å ta omsyn til terrenget ved inngrepet og stelle i stand etter seg. Vi har ikkje merknader til dette.

Med helsing
Sunnfjord Energi AS

Olav Osvoll
Leiar stasjonsavdeling

